



Tusen lyn på tors dag

Når torevêret slår til for fullt på Vestlandet er det ikkje uvanleg med mellom 100 og 200 lyn. Men på torsdag var Tor ekstra ivrig med hammaren.

Dei nær 1000 lynnedslaga på Vestlandet torsdag kveld førte til at straumen var borte mange stader i Sogn og Fjordane.

Forskar Frank Dahlslett ved SINTEF Energiforskning seier til NRK Sogn og Fjordane at det er uvanleg at så mange lyn slår ned.

Tora førte til at straumen var vekke i kortare og lengre periodar mange stader i fylket. Straumbrota har òg gjort at enkelte mobiltelefonsentralar er utan straum, og i nokre område er derfor mobiltelefonane utan samband. I tillegg har eit hundretals telefonabonntar i Førde og Florø mista summetonen etter at lynet slo ned i telefonsentralar.

Det er venta meir torevêr dei komande dagane.

